



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Linda Øen	53483231	2018/1341-1		26.04.2018

## Søknad om Investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi

**Kvinnherad kommune tillèt seg med dette å søkje om tilskot på 2 000 000,- til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi.**

Kvinnherad kommune i samarbeid med idrettslag planlegg å setja opp stor idrettshall i skule og idrettssenteret på Husnes. Idrettshallen skal tilfredstilla behova både for skular i område, den organiserte idretten og den uorganiserte aktiviteten.

Husnes er av Hordaland fylkeskommune definert som Regionsenter for befolkninga i Kvinnherad. Kapasiteten på eksisterande idrettshall er sprengd og det er fleire idrettslag som står i kø for å få treningstid i Hallen.

Ny idrettshall på Husnes er forankra i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Kvinnherad kommune, sjå vedlagt handlingsprogram.

IL Trio, Kvinnherad handballklubb og Kvinnherad karateklubb vil utgjera dei største organiserte brukargruppene i idrettshallen slik vi ser det i dag. Husnes har eit stort og aktivt handballmiljø og den nye idrettshallen vert bygd med tanke på at ein skal ha høve til å arrangera nasjonale og internasjonale handballturneringar i hallen.

Dette innebærer

- Golv leiges inn ved kamp, underliggende golvkonstruksjon vert kombielastisk.
- Lys ihht. NS-EN 12193
- Lydanlegg; Det vert lagt til rette for at lydanlegg ihht. krav kan monterast, men sjølve utstyret er ikkje del av totalentreprisen.
- Hall utstyres med stikk og til musikkanlegg og LED storskjermen og scoreboarder/resultattavler.
- Kontor som kan nyttast som sekretariat
- Tilskodarplass til 2000 tilskodarar
- Det leiges inn toalett ved større arrangement

- Liten kafeteria i idrettshall, stor kafeteria i nærleik.
- Ein av garderobeinngangane kan nyttast til VIP inngang, trapp opp til aktivitetssal som kan gjerast om til VIP restaurant/kafeteria
- Det er mogleg å køyra rundt heile hallen for levering av utstyr og som kan nyttast av lag-buss til å sleppe spelarar av ved inngang til garderobane.
- Det vert lagt til rette for parkering for OB-parkering

I tillegg til dette skal idrettshallen innehalda m.a.

- Eigen kampsport/aktivitetssal
- Medium basishall for turn
- 13 m høg klatrevegg

Sjå elles vedlagte skisser frå LINK arkitekturer

### Kostnader og finansiering

Det vert arbeida med å få på plass finansieringa for Hallen. Under ser du eit oversyn på forventa kostnader og førebels finansieringsplan.

### Forventa kostnader og finansiering

#### Kostnader:

Forventa kostnader:	<b>120 750 000,-</b>	Sjå vedlagt priskalkyle
---------------------	----------------------	-------------------------

---

#### Finansiering:

Kommunale midlar:	35 000 000	Løyvd
Idrettslaget Trio/Kvinnherad handballklubb:	16 812 500	Delvis i orden, vert arbeida med
Forventa spelemidlar	29 500 000	Sjå vedlagt oversyn
Signalisert stønad frå SKL	12 500 000	Uavklart, vert arbeida med
Sal av eksisterande idrettshall	20 000 000	Uavklart, vert arbeida med
Fylkeskommunalt tilskot til idrettsanlegg	2 000 000,-	Omsøkt i denne søknad
Andre løyvingar	5 000 000,-	Uavklart
<b>Sum finansiering</b>	<b>120 812 500</b>	<b>,-</b>

---

Kvinnherad kommune og idretten Kvinnherad håpar på positiv tilbakemelding på søknaden vår og viser til vedlagt tilleggsinformasjon:

- Handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Skisser/Teikningar frå Link arkitektur
- Priskalkyle frå Link arkitektur
- Uttale frå handballforbundet

Med helsing

Linda Øen  
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.